

Mann skada i motorsykkelulukke

17.08.2010



Sykkelen støtte mot autovernet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ved 17-tida i ettermiddag vart ein mann skada i ei motorsykkelulukke på Ljosnes.

Han vart frakta til Haukeland sjukehus med luftambulanse.

Mannen mista kontrollen over sykkelen og kørde i autovernet på høgre sida av vegen i den skarpe svingen. Han klaga over store smerter i beina og hadde pustevanskar.

Ambulanse og lege kom raskt til ulukkesstaden. Det vart konstatert store skader i beina.

Luftambulanse vart rekvirert frå Bergen og kom etter ein halv time. Den landa på grusbana i Uskedalen der den skada mannen vart ført over frå ambulansen.



Mannen vart ført over til helikopteret på grusbana. (Foto: Ola Matti Mathisen)